

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	Torsdag 23. Februar kl 09 - 14
Til stade	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Torveig Botnen (Pensjonistforbundet), Atle Grung Eide (Kreftforeningen) Trude Aarseth (FFO), Michael Sønnesyn (FFO), Ulrikke Tranberg (SAFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Raymond Lie (RIO), Everline Mjømen (Vestland Innvandrerråd), Øivin Ask (SAFO), Trude Hjortland, seksjon for samhandling (vikar) (referent)
Fråvær	Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling

Saksnr	Saka gjeld
23/12	Orientering om plassering av palliativ avdeling Orientering ved klinikkdirektør Kvinneklinikken (KK) Susanne Albrechtsen og ass. Klinikkleder Kirurgisk serviceklinikk (KSK) Geir Andvik. Aktuelle lokalar i 5. etg i Glasblokkane vil fordelast mellom KSK Palliativ avdeling og KK Føde- og barseltilbod med hhv 10 + 5 sengeplassar. I palliativ avdeling vil det vere ei opptrapping av sengeplassar over tid, der ein startar med 5 plasser og aukar til 10, og dermed full drift, innan eit år. Avgjerda om fordeling av lokalet er drøfta med tillitsvalde, i AMU og HVO i begge avdelingar, og det er gitt støtte til avgjerda. Saka skal til handsaming i Programstyret for Glasblokkane i dag, og til Føretaksleiinga 14. mars. Vedtak <i>Brukarutvalet gir si tilslutning til prosess og avgjerd i saka. Brukarutvalet meiner at det er gjort gode vurderingar i ei vanskeleg sak, og at løysinga tar vare på begge pasientgrupper på ei tilfredsstillande måte.</i>
23/13	Fotografering med Kommunikasjonsavdelinga Fotograf tok bilete av Brukarutvalet som gruppe, samt portrettbilete av kvar representant.
23/14	Godkjenning av referat, dagsorden og innkalling Vedtak <i>Godkjent med følgande kommentar til innkalling; Om det er store saksgrunnlag/mykje å lese i forkant av møta bør saksgrunnlag sendast ut tidlegare.</i>
23/15	Hjartesak; pårørande Innlegg frå Pårørandealliansen ved fagsjef Anne-Grethe Terjesen. Brukarutvalet oppmodast til å melde seg på Nettverkssamling i pårørandeforskning.
23/16	Mattilbodet i Helse Bergen Orientering ved einingsleiar Britt Mary Skaalevik Lerøy Mogleg å melde seg på prøvesmaking av neste vekes meny kvar fredag. Maks to påmelde frå Brukarutvalet.
23/17	Innspel til Plakaten 2023 God diskusjon omkring eventuell endring i ordlyd i utkast til Plakaten, i den hensikt å gjere pårøranderolla enda tydlegare. Brukarutvalet blei einige i at utkastet slik det føreligger er godt. Vedtak <i>Brukarutvalet støttar utkast til Plakaten 2023.</i>

23/18	Vararepresentant til Kvalitets- og pasienttryggleiksutvalet Hjarateavdelinga Vedtak <i>Torveig Botnen oppnemnast som vararepresentant til KPU Hjarateavdelinga.</i>
23/19	Informasjon om styreseminar i helse Vest og gjennomgang av styrets årshjul Orientering ved leiar/nestleiar i Brukarutvalet Linda Haugland og Eli Sjo
23/20	Eventuelt Styringsgruppe Universell utforming; Michael Sønnesyn oppnemnast som representant. Ulrikke Tranberg erstattar Michael i KPU ReHabiliteringsklinikken. Brev til sjukehuset frå Hørselshemmedes Landsforbund Vestland Bekymring frå forbundet er meldt til leiinga i føretaket. Brukarutvalet følgjer opp ved å etterspørje leiinga om korleis saka skal handterast. Brukarmedverkar til Tolkeprosjektet Everline Mjømen oppnemnast. Workshop Regionalt prosjekt om koordinator i spesialisthelsetenesta Linda Haugland og Ulrikke Tranberg deltek.